

VEDTEKTER FOR AUSTEVOLL VATN OG AVLØP SA

Vedtatt 03.06.2021

NAMN, FØREMÅL, ANSVAR OG LOKALISERING

§ 1 *Namn*

Partlagets namn er Austevoll Vatn og Avløp SA (AVA)

§ 2 *Føremål.*

Austevoll Vatn og Avløp SA er eit ålmennyttig partlag med skiftande parteigartal og kapital.

Selskapet skal:

- eiga, byggja og driva vatn- og avløpsanlegg i Austevoll kommune

Selskapet kan:

- driva, eiga, eller samarbeida med andre verksemdar med naturleg tilknytning til føremålet eller som gjer ei betre utnytting av laget sine ressursar

Verksemda skal være bygd på prinsipp om at inntekta ikkje skal overstige nødvendige kostnader ved verksemda over tid, samt være bevisst det samfunnsansvar som er lagt til verksemda.

§ 3 *Forretningskontor.*

Austevoll Vatn og Avløp SA sitt forretningskontor er i Austevoll kommune.

PARTEIGARANE

§ 4 *Parteigarane.*

Partane skal lyda på namn og fødselsnummer (føretaksnummer).

1. Parteigarar er abonnentar knytt til Austevoll Vatn og Avløp sitt leidningsnett for vatn og/ eller avløp. Part vert betalt ved innmelding som abonnent.
2. Ingen kan stemme for meir enn ein (1) part.
3. Ingen parteigar er ansvarleg for AVA sine forplikingar med meir enn sin part.

§ 5 *Verdsetting.*

Kvar part lyder på NOK 1.000,00- eittusen - pr. 01.01.2009.

§ 6 *Omsetting og utbytte.*

Partane kan ikkje omsetjast.

Partane følgjer eigar av anlegg knytt til Austevoll Vatn og Avløp sitt leidningsnett for vatn og/ eller avløp. Partane forrentes ikkje.

Selskapet skal ikkje utdele etterbetaling/utbytte til partseigarane.

LAGET SINE ORGAN

§ 7 *Årsmøte.*

- 7.1 Ordinært årsmøte skal heldast kvart år innan årets første 6 månader.
- 7.2 Ordinært årsmøte skal sjå til at føremålet med laget vert fremja i samsvar med vedtekter, kontraktar og vedtak.
- 7.3 Det skal førast protokoll frå årsmøta. På kvart møte vert 2 (to) av dei frammøtte valde til å skriva under protokollen saman med møteleiaren.
- 7.4 Årsmøtet har desse gjeremåla:
1. Godkjenne årsrekneskap og årsmelding, herunder disponering av årsoverskot.
 2. Velja styreleiar, styremedlemmer og varamedlemmer til styret, velja medlemmer til valnemnda og fastsetje godtgjersle til styret etter framlegg frå valnemnda samt fastsetje godtgjersle til valnemnda etter framlegg frå styret.
 3. Tilsetje og fastsetje godtgjersla for revisor.
 4. Gjera vedtak i andre saker som styret og parteigarar legg fram for årsmøte. Framlegg frå andre enn styret må koma inn til styret før 1. mars for å verta handsama på det ordinære årsmøtet.
 5. Årsmøtet avgjer sakene med alminneleg fleirtal av dei avgjevne røystene når ikkje anna er sagt i lov eller vedtekter. Ved likt stemmetal gjeld det som møteleiaren sluttar seg til (gjeld ikkje ved val og tilsettingar) .

§ 8 *Styret*

- 8.1 AVA skal ha eit styre på 5 - 7 medlemmer og 3 (tre) varamedlemmer med funksjonstid på 2 (to) år.
Årsmøtet vel leiar for 1 år blant dei 4 valde styremedlemmane valde av partseigarane.

- 8.2 Dagleg leiar eller leiar i styret teiknar laget.

§ 9 *Valnemnd*

AVA skal ha ei valnemnd på 3 medlemmer valt av årsmøtet med ei funksjonstid på 3 (tre) år. Valnemnda skal koma med framlegg til styremedlemmer, varamedlemmer og nytt medlem til valnemnda. Valnemnda skal komme med framlegg til styrehonorar. Valnemnda sitt framlegg skal følgje innkallinga til årsmøtet.

§10 *Vedtektsendring*

Årsmøtet kan vedta endringar i vedtektene med 2/3 av dei røystene som vert gitt. Endringar i føremålet krev at endringane vert vedteken på to etterfølgjande årsmøte med minst 4/5 av dei avgitte røystene.

§ 11 *Oppløysing*

Vedtak om å løyse opp AVA blir gjort av årsmøtet med fleirtal som for endring i føremålet.

Ved oppløysning av selskapet har medlemmene ikkje krav på utdeling. Gjenverande midlar skal gå til føremål i samsvar med § 2 eller allmennyttige føremål i Austevoll kommune.